



## Møteprotokoll Eldrerådet

**Møtedato:** 15.04.2021  
**Møtestad:** Kommunehuset  
**Møtetid:** 18:00 - 20:00

Saker som skal opp i tillegg til dei på lista:

- Eldredagen 2021

Orienteringssaker:

- Status betre nett Nordliheimen (Ketil)
- Datakurs i samarbeid med Frivilligsentralen (Ketil)
- Etterlysing av benkar i buskur (Gro)
- Webinar om Region Nordhordland Helsehus (Gro og Ivar - sjå også melding)
- Innspel om TV på Nordliheimen (Gro)
- Felles eldrerådsmøte i regionen
- Evt. fleire

Frammøtte medlemmer	Rolle
Gro Vigdis Johannessen	Medlem
Ivar Bergsvik	Medlem
Solveig Hopen	Medlem
Idar Johan Hopland	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Rolle
Reidar Øksnes	Medlem

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Møtesekretær Ketil Tjore

---

Austrheim 22. april 2021

Gro Vigdis Johannessen  
møteleiar

Ketil Tjore  
møtesekretær

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
006/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
007/21	Godkjenning av møteprotokoll
008/21	Meldingar
008/21.1	Melding - Region Nordhordland Helsehus
009/21	Orienteringssak
010/21	Innspel til trafikksikringsplanen
011/21	Innspel til planarbeid bustadområde B07 og skuleområdet ved AVS
012/21	Innspel til planarbeid bustadområde B36 Kaland og Fonnes - og friområde ved Ekornsåta
013/21	Oppstart av Temaplan for klima og energi for Austrheim kommune
014/21	Eldredagen 2021

## **006/21: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

### **15.04.2021 ELDRERÅDET**

Handsaming i rådet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **ER - 006/21 VEDTAK:**

Innkalling og sakliste vart godkjent

---

## **007/21: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

### **15.04.2021 ELDRERÅDET**

Handsaming i rådet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **ER - 007/21 VEDTAK:**

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent

---

## **008/21: Meldingar**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering

#### **15.04.2021 ELDRERÅDET**

Leiar Gro Johannessen orienterte om at ho hadde vore på webinar om dette saman med Ivar Bergsvik frå rådet.

Webinaret var saman med andre eldreråd i regionen, og handla om kva Helsehuset skal brukast til, mellom anna med tilbod av ulike sjukehusenester som dialyse, hudpleiepoliklinikk med meir. Johannessen og Bergsvik viste til møtereferatet, som vart delt ut.

Ivar Bergsvik viste til at det har vore arbeid med å få på plass røntgen på Helsehuset, noko som har vore eit ønske frå mange, men dette var ikkje på plass.

Ikkje klart kva spesialisthelsetenester som kjem i Helsehuset.

Handsaming i rådet:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke: Eldrerådet tok meldinga til orientering.

#### **ER - 008/21 VEDTAK:**

Eldrerådet tok meldinga til orientering.

---

#### **008/21.1: Melding - Region Nordhordland Helsehus**

**Framlegg:**

**Handsaming:**

**Vedtak:**

---

#### **009/21: Orienteringssak**

## **Rådmannen sitt framlegg:**

### **15.04.2021 ELDRERÅDET**

Orienteringssaker:

- Status betre nett Nordliheimen

Møtesekretæren vedgjekk at dette spørsmålet ikkje var godt nok førebudd. Kjem tilbake til det på seinare møte.

- Datakurs i samarbeid med Frivilligsentralen.

Møtesekretæren orienterte om at dette er utsett på grunn av Korona-situasjonen. Kommunal kriseleiing har sagt at dette må venta til smittepresset er lågare/vaksinering er på plass.

- Etterlysing av benkar i busskur.

Leiar Gro Johannessen spurte om ein ikkje skal etterlysa benkar i busskura, på vegner av dei som reiser med buss. Det var semje i rådet om at ein sender eit spørsmål om dette til Austrheim kommune, ved formannskapet, som eventuelt kan ta det vidare med fylkeskommunen.

Når det gjeld busskur ønskjer rådet også å ta opp at busskur med store vindusflater kjennest utrygge i sterk vind. Ein kan sjå til skuret ved Blomhaugane der glasveggen har reist med nordavinden, medan det ved senteret knakar i vinden, og dessutan er det heller ikkje regntett.

Møtesekretæren sender dette vidare til kommunen, ved formannskapet.

- Webinar om Region Nordhordland Helsehus (Gro og Ivar - sjå også melding)

Vart tatt under meldingssaker.

- Innspel om TV på Nordliheimen (Gro)

Frå bebuar på Nordliheimen er det etterlyst eit breiare kanaltilbod for dei som bur på Nordliheimen. Det kostar ein del om ein skal betala dette sjølve.

Idar Hopland sa at det er for snevert å berre ha nokre få kanalar, også der må det vera mogleg å ha underholdningskanalar med fotball eller annan sport. Ikkje urimeleg å venta dette. Først må ein få ei oversikt over kva kanaltilbod det er på Nordliheimen i dag, og kva det kostar.

Ivar Bergsvik sa seg samd i at ein må kunna ha ein del sport, om ikkje alle premium-tilboda.

Solveig Hopen sa seg samd i ønsket, men på eit generelt grunnlag utan å knyta det til ein enkeltperson. Semje i rådet om at ein først får ei orientering om kva kanaltilbod som er på Nordliheimen i dag, og så bestemmer rådet seg utifrå det. Tek det opp igjen i neste møte i eldrerådet.

Handsaming i rådet:

Samrøystes for å ta orienteringane til vitande.

### **ER - 009/21 VEDTAK:**

Orienteringane vert teke til vitande.

---

## **010/21: Innspel til trafikksikringsplanen**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Saka vert lagt utan framlegg til vedtak

Eldrerådet støttar prioriteringane til Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, og Husmorlaget. Dette er:

- Løysing for fortau frå Nordliheimen til Seniorsenteret, på den sida av fylkesvegen.
- Fotgjengarovergang ved Samfunnshuset, der gangvegen skiftar side av fylkesvegen.
- Betre lys på feire fotgjengarovergangar, slik ein har det på plass i Åråsdaalen.
- Utbetring av eit lite oversiktleg punkt langs fylkesveg 565, ved Austrheimsvegen 867.

### **15.04.2021 ELDRERÅDET**

foreslått av:

Eldrerådet støttar prioriteringane til Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, og Husmorlaget. Dette er:

- Løysing for fortau frå Nordliheimen til Seniorsenteret, på den sida av fylkesvegen.
- Fotgjengarovergang ved Samfunnshuset, der gangvegen skiftar side av fylkesvegen.
- Betre lys på feire fotgjengarovergangar, slik ein har det på plass i Åråsdaalen.
- Utbetring av eit lite oversiktleg punkt langs fylkesveg 565, ved Austrheimsvegen 867.

Leiar Gro Johannessen viste til at RMNF har prioritert ei betre løysing ved Seniorsenteret/Nordliheimen, der det manglar fortau, og overgang ved Samfunnshuset. Husmorlaget har peika på dei same, samt betre lys på ulike fotgjengarovergangar slik det er i Åråsdaalen, samt at det er vanskeleg å passera trygt forbi Austrheimsvegen 867.

Johannessen spurte om Eldrerådet kan støtta det frå RMNF og Husmorlaget, evt. tillegg.

Solveig Hopen viste til at det er gjort mykje på Kaland/Fonnes, der det berre er Vardebrua som manglar.

Møtesekretæren sa at det er lova 200.000 frå Vestland Fylkeskommune til ei løysing ved Nordliheimen og Seniorsenteret, og at administrasjonen ser for seg ei løysing som tar både fortau og ny innkjøring til Seniorsenteret.

Ivar Bergsvik sa at han støttar framlegget om at Eldrerådet støttar RMNF og Husmorlaget sitt innspel.

Idar Hopland spurte om det er mogleg å gjera noko med vegløysinga forbi seniorsenteret for å gje betre sikt.

Handsaming i Eldrerådet:

Samrøystes for felles framlegg til vedtak.

### **ER - 010/21 VEDTAK:**

Eldrerådet støttar prioriteringane til Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, og Husmorlaget. Dette er:

- Løysing for fortau frå Nordliheimen til Seniorsenteret, på den sida av fylkesvegen.
  - Fotgjengarovergang ved Samfunnshuset, der gangvegen skiftar side av fylkesvegen.
  - Betre lys på feire fotgjengarovergangar, slik ein har det på plass i Åråsdaalen.
  - Utbetring av eit lite oversiktleg punkt langs fylkesveg 565, ved Austrheimsvegen 867.
- 

## **011/21: Innspel til planarbeid bustadområde B07 og skuleområdet ved AVS**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

Eldrerådet er positiv til at det skjer ting i Mastrevikane og rundt. Reguleringsarbeidet må sikra at det er universell tilkomst, noko som vil vera positivt for både eldre og folk elles.

### **15.04.2021 ELDRERÅDET**

foreslått av:

Eldrerådet er positiv til at det skjer ting i Mastrevikane og rundt. Reguleringsarbeidet må sikra at det er universell tilkomst, noko som vil vera positivt for både eldre og folk elles.

Rådet diskuterte planarbeidet som er på gang, og er positive til at det kan komma nye bustadområde i kommunen.

Handsaming i rådet:

Samrøystes for felles framlegg til vedtak.

### **ER - 011/21 VEDTAK:**

Eldrerådet er positiv til at det skjer ting i Mastrevikane og rundt. Reguleringsarbeidet må sikra at det er universell tilkomst, noko som vil vera positivt for både eldre og folk elles.

---

## **012/21: Innspel til planarbeid bustadområde B36 Kaland og Fønnes - og friområde ved Ekornsåta**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Klikk her for å skrive inn tekst.

Reguleringsarbeidet må sikra at det er universell tilkomst, noko som vil vera positivt for både eldre og folk elles. Det må også vera universell tilkomst til friluftsområdet i planområdet, Ekornsåta.

## **15.04.2021 ELDRERÅDET**

foreslått av:

Reguleringsarbeidet må sikra at det er universell tilkomst, noko som vil vera positivt for både eldre og folk elles. Det må også vera universell tilkomst til friluftsområdet i planområdet, Ekornsåta.

Rådet diskuterte planarbeidet som er på gang, og er positive til at det kan komma nye bustadområde i kommunen.

Handsaming i rådet:  
Samrøystes for felles framlegg til vedtak.

### **ER - 012/21 VEDTAK:**

Reguleringsarbeidet må sikra at det er universell tilkomst, noko som vil vera positivt for både eldre og folk elles. Det må også vera universell tilkomst til friluftsområdet i planområdet, Ekornsåta.

---

## **013/21: Oppstart av Temaplan for klima og energi for Austrheim kommune**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Eldrerådet ber om at det vert fortgang i planane om å fornøya pumpestasjonen i Åråsvågen, for å sikra at dette miljøproblemet vert teke hand om.

## **15.04.2021 ELDRERÅDET**

foreslått av:

Eldrerådet ber om at det vert fortgang i planane om å fornøya pumpestasjonen i Åråsvågen, for å sikra at dette miljøproblemet vert teke hand om.

Eldrerådet diskuterte ulike klima- og miljøtiltak., og konkluderte med at ein ønskjer å komma med eit innspel om Åråsvågen, der det lenge har vore plager med forureining frå pumpestasjonen. Om dette problemet hadde blitt løyst, kan det bli ein fin badeplass sentralt i kommunen.

Handsaming i rådet:  
Samrøystes for å ta orienteringane til vitande.

### **ER - 013/21 VEDTAK:**

Eldrerådet ber om at det vert fortgang i planane om å fornøya pumpestasjonen i Åråsvågen, for å sikra at dette miljøproblemet vert teke hand om.

---



## **014/21: Eldredagen 2021**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Eldredagen 2021 vil bli diskutert vidare på seinare møte.

### **15.04.2021 ELDRERÅDET**

Leiar i Eldrerådet Gro Johannessen fekk støtte i rådet for å henta inn ulike tilbod i samband med Eldredagen 2021.

Hentar inn tilbod frå Samfunnshuset, både med servering av mat og utan servering av mat.

Hentar inn tilbod frå Kilstraumen på levering av mat til Samfunnshuset.

Det var semje om å invitera Rigmor samt Nordliheimen til møtet i rådet 1. juni, med tanke på planlegging av underhaldninga på eldredagen, og for å diskutera korleis ein kan få det slik at bebuarane frå Nordliheimen kan komma, slik dei har gjort tidlegare.

Ivar Bergsvik tok opp at ein kan komma med innspel frå eldrerådet om kva underhaldning ein ønskjer på eldredagen. Kan komma med innspel til Gro Johannessen eller direkte til Rigmor Ludvigsen.

Gro Johannessen las opp framlegg til ei lita påminning som går i bladet Kyrkjebakken no i april, så tar ein endeleg påmelding seinare.

Må ha bindande påmelding, og ta med evt. allergiar og ønskje om skyss.

Når det gjeld kven som ikkje betaler for å vera med ønskjer rådet å invitera hundreårsjubilarar (og eldre) med følge. Det har også vore vanleg at leiar ikkje betaler eigendel.

Frivilligsentralen jobbar elles med ein aktivitetsdag som kan engasjera dei eldre, her kan Eldrerådet stå som medarrangør.

Dette vil bli diskutert meir på seinare møte

### **ER - 014/21 VEDTAK:**

Eldredagen 2021 vil bli diskutert vidare på seinare møte.

---